# Vilkår for leige av lokale i Bokn Arena

Utarbeida og godkjent 24. mars 2022

Ved å reservera via Bokn kommune si bookingløysing, har leigetakar forplikta seg til å følga desse vilkåra for leige:

## Før ein tek lokala i bruk

- Eventuelle manglar, skader og avvik i lokalet før leigeforholdet startar, skal dokumenterast med bilde og meldast til Jardar Havikbotn på SMS til nummer 98221508 eller på e-post jarhav@bokn.kommune.no Leigetakar er erstatningspliktig for skader som oppstår under arrangementet, eller skader som er ikkje er melde inn før ein tek lokala i bruk.
- Oppsett tid for leige av lokala må følgast. Lokalet kan ikkje takast i bruk før den tildelte leigetida. Tid til klargjering og rydding må reknast inn i leigetida.
- Leigetakar kan ikkje leiga ut hallen til andre.
- Leigetakar må ha gjort seg kjend med branninnstruks.

## Under bruk

- Ballspel i garderobar, korridorar m.m. er ikkje tillat. Ved arrangement der garderobar ikkje skal nyttast må leigetakar sørga for å hindra ukontrollert trafikk til og frå garderobane.
- Fottøy med svarte gummisålar, skarpe hælar, knottar eller piggar er strengt forbode i hallen.
- Bruk av hallen skjer på eige ansvar. Bokn kommune fråskriv seg eitkvart ansvar for tap av verdisaker, skader på personar eller eigendeler i leigeperioden.
- Leigetakar er ansvarleg for at lokala blir forlatne i same tilstand som når ein tok dei i bruk.
- Bruk av teknisk utstyr, kjøkkenapparat og fastmontert idrettsutstyr skal skje etter gjeldande instruks.
- Personar påverka av ulovlege rusmidlar skal visast ut av hallen. Alkohol er kun tillat ved arrangement som kan framvise godkjent skjenkeløyve eller i lukka privat arrangement.
- Røyking er ikkje tillat inne i Bokn Arena. Røyking utanfor må skje i god avstand frå inngangsparti.

## Etter bruk

- Sjå til at dusjar og kranar er stengde før ein forlet lokala.
- Kjøkkenet skal vera rydda og reingjort (dersom leigetakar har nytta dette).
- Golv skal kostast med sopekost. Søl skal tørkast opp med moppar. Begge deler er sett fram på kjøkkenet i 1. etasje. Brukte moppar og kjøkkenfiller skal kastast i merka behaldarar i kjøkkenet.
- Søppel skal kastast i eigna søppelbehaldar.
- Sjå til at alle vindauge er lukka, dører er låste og at alle lys blir sløkt før ein forlet bygget. Ved arrangement skal uteområdet ryddast for søppel.
- Ved arrangement skal overskytande søppel kastast i søppeldunkar i eige søppelbu som er plassert mellom Bokn Arena og Bokn idrettshus.

Eventuelle manglar/avvik frå desse vilkår kan medføra fakturagebyr på kr 400,- pr. arbeidstime som går med til å utføra manglande reinhald/rydding.